Kamerat Le Duan, førstesekretær i Vietnams arbeiderparti (nå VKP) avgav en politisk rapport på vegne av sentralkomiteen til partikongressen 14. desember. Rapporten sa bl.a. at i løpet av de 16 årene fra den 3. til den 4. partikongressen har Vietnam gjennomgått en meget smertelig prøvelse og det vietnamesiske folket har motstått den aggressive krigen til USA-imperialismen.

Videre het det: " Ved den store seieren i vår patriotiske krig mot USAs aggresjon, har hele partiet, hele folket og hele hæren tilfredstillende fullført den historiske oppgaven: Nasjonal frigjøring og gjenforent hele landet slik den 3. partikongressen satte som mål, og tilendebrakt sin hellige misjon ovenfor frederlandet og sine edle interasjonale plikter."

Etter å ha analysert hovedtrekkene i den nye revolusjonære fasen framholdt rapporten den generelle linja for den sosiale revolusjonen i Vietnam på de nye trinnet, og poengterte konsolideringen av proletariatets diktatur, realiseringen av folkets rett til kollektivt lederskap. Videre framheves gjennomføringa av de tre revolusjonene for kraftfullt å framskynde den sosialistiske industrialiseringa, bygge Vietnam til et fredelig, uavhengig, forent og sosialistisk land og bidra aktivt i kampen til verdens folk for fred, nasjonal uavhengighet, demokrati og sosialisme.

Rapporten foreslo for kongressen å endre partiets navn til " Vietnams kommunistparti" (VKP) frå nå av.

På møtet 16. desember ble det lest opp et hilsningstelegram fra Kians kommunistparti (KKP) til kongressen og dette ble varmt motatt av representantene.

Kamerat Pham Van Dong (statsminister), medlem av politbyrået i sentralkomiteen i Vietnams Arbeiderparti (VAP), la fram en rapport på vegne av sentralkomiteen om hovedtrekkene- oppgavene og målene i femårsplanen for perioden 1976-80.

17. desember la Le Duc Tho medlem av politbyrået i sentralkomiteen i VAP fram en rapport hvor han oppsummerte arbeidet med partibygginga og endringer i partiforordningen.

Kamerat Truong Chinh ledet avslutningssesjonen 20. desember.

Kongressen vedtok en resolusjon om å endre partinavnet fra VAP til Vietnams Kommunistparti (VKP), en resolusjon om den politiske rapporten fra sentralkomiteen, en resolusjon om oppgavene og målene i neste femårsplan, en resolusjon om partibygginga, og en resolusjon om den 4. partikongressen.

Til slutt holdt Le Duan avslutningstalen. Kongressen avsluttet i varm applaus.

(Telegrammet er noe forkortet av redaksjonen)

## pax vietnam

PAX VIETNAM - slik lyer tittelen på ein dikt-antologi nyleg utgjeven på Den Norske Bokklubben.

Antologien er ei samling dikt om Vietnam redigert av Arvid Torgeir Lie.

Til saman er det 88 ulike dikt, og forfattarane er nesten like mange. Av desse kan ein nemne; Ho Chi Minh, To Huu, Inger Hagerup, Tor Obrestad, Bjørn Nilsen, Peter Weiss, Jevgenij Jevtusjenko, Ernst Orvil, Robert Bly etc.

Boka er vel verdt å kjøpe og lese. På bokklubbens lyrikkvenner kostar ho innbunden berre kr 22,50. Kjøp boka og sel ho på stand!

Pax Vietnam, Den norske Bokklubben 1977, 112 s. Innb.

# Nguyen Thi Binh om undervisning

Som vel dei fleste veit vart tidlegare utanriksminister i PRR fru Nguyen Thi Binh valt til undervisningsminister på nasjonalforsamlinga sin førsesjon i juni i fjor. I dette intervjuet med Vietnam Courier fortel fru Thi Binh om utviklinga av undervisninga i Vietnam i dag.

**VNC:** Madame minister, no som du har fått nye oppgåver vil lesarane av VNC som kjenner deg godt, gjerne høyre ditt syn på dei viktigaste problema innan utdanninga i Vietnam no.

**Nguyen Thi Binh (NTB):**

"Først vil eg gjere ein ting klart; I Vietnam ligg undervisninga no under to departement. Eit for allmenutdanning og eit for høgare- og teknisk utdanning. Eg vil berre tale om allmenutdanninga. 12 mill. elevar, 300 000 lærarar og 20 000 skular i eit land med 50 mill. innbuarar, eit land som strekkjer over meir enn 2000 kilometer, omkring 60 minoritetar og framfor alt to ulike skulesystem i nord og i sør: dette er omfanget dei problema vi står ovanfor. Våre oppgåver er særleg store og vanskelege i eit land der 30 års krig har etterlate enorme øydeleggingar og brote opp den sosiale strukturen, økonomien og familielivet i eit omfang ein knapt kan fatte."

**VNC:** Kva er skilnaden mellom skulesystema i Nord og i Sør ?

**NTB:** I tidsrommet frå 1945 til 1975 endra Nord-Vietnam det tidlegare koloniale skulesystemet fullstendig. Først over til eit nasjonalt system, så vidare til eit system med eit sosialistisk særdrag. I Sør, under marionetteregimet til USA, vart skulen omdanna i tråd med dei nykoloniale interessene til USA. Straks etter frigjeringa tok vi over alle skulane i sør, private som offentlege, og byrgja endre dei litt etter litt over til nasjonale skular, for så sidan å innlemme dei i eit einaste sosialistisk skulesystem.

Denne overtakinga av skulesystemet i Sør av PRR vart gjennomført samstundes med at andre like vanskelege oppgåver, vart løyste slik som tryggleik, økonomi og mange sosiale aktivitetar.

Ikkje berre vart alle dei gamle skulane opna etter frigjeringa,

men den revolusjonære makta sette i gong nye skular, særleg i utkantane som var tilsidesette av det tidlegare styret, dessutan mange nye barneskular i byane og i mange landsbyar.

Vi sette også i gong ei storstilt rørsle for å gjera slutt på analfabetismen og utvikle vaksenopplæringa. Lat oss hugse at alt dette vart gjort på ei tid med store sosiale omveltningar som no har pågått i meir enn eitt år i sør.

Alle lærarane frå det tidlegare styret har teke del i dette arbeidet og hjelpt tusenvis av kollegane sine frå Nord.

Dei tidlegare utdanningsprogramma og lærebøkene, mange av desse var skrivne og trykte i USA, er no skifta ut.

Spesielle kurs har hjelpt tidlegare lærarar å skjønne den historiske utviklinga av landet vårt og innsjå den antinasjonale tonen som prega den nykoloniale utdanninga og verta klar over den ideologiske og kulturelle forgiftinga som dei har vore offer for i 20 år.

Samarbeidet mellom lærarar og elevar til beste for alle side om side med bønder, arbeidarar og intellektuelle har opna augene deira for mange nye ting. Some reaksjonære element har freista hindre denne rørsla men fånnytes. Overtakinga av skulane i sør har gått fort, og ein kan seie at i det nye skuleåret vil alle desse skulane fungare på eit heilt nytt grunnlag. Og i den næraste framtida vil dei to skulesystema i nord og sør bli sameina på basis av skulereforma over heile landet."

**VNC:** Vil det bli endringar i allmenutdanninga i Nord dette året?

**NTB:** "Nord lyt framleis vere leiande og syne forma og innhaldet i den sosialistiske utdanninga etter dei retningslinene partiet har trekt opp. Skulane er viktige bindeledd i dei tre revolusjonane som no radikalt endrar det vietnamesiske

ke samfunnet: Revolusjonen innan produksjonsforholda, den vitenskapelige og tekniske revolusjonen og den ideologiske og kulturelle revolusjonen. Til no har krigen vore ei hindring for å setje ut i livet og anvende ei fullstendig skulereform. Den omfattande reforma vi tenkjer å gjennomføre er framleis under utarbeiding, men alt no har fleire mønsterskular nytta og testa ulike former for undervisning, og desse vil tene som pionermodellar. For tida vert arbeidet konsentrert om visse primæroppgåver slik som:

a) Utvikling av barneskular, både med omsyn til bemanning og kvaliteten på undervisninga.

b) Fullføringa av ei landsomfattande allmenutdanning på eit nivå nr. 2, opp til 7ande klasse.

c) Bygging av fleire skular for trinn 3, opp til 10ande klasse.

d) Utvikling av utdanningstilbodet for vaksne, og særskilt fullføre den kulturelle og profesjonelle opplæringa til arbeidarar, kader og bønder som alt er ferdig med grunnutdanninga.

Når dette er sagt, skal ein og føya til at utanom dei nemde tiltaka gjer ein eit stort arbeid for å opne nye tekniske skular for å møte det veksande samfunnsmessige kravet om fleire fagarbeidarar og teknikkarar.

VNC: "Vert det endringar i undervisningsmetodane?"

NTB: "Vi vil gradvis utvikle "arbeid-og-studer" systemet. Elevar og lærarar vil delta i produktivt arbeid, slik at dei held kontakten med dei sosiale realitetane, får breiare kontakt med folket og utviklar kjærleik og respekt for fysisk arbeid. Det å lære må ikkje lenger tyde å halde seg innanfor 4 veggjar og avgrense seg til boklege studium.

Å opne skulane og innlemme dei i det sosiale livet kan berre gjennomførast ved innføring av ei djup politisk forståing mellom dei unge samt gjennom deltaking i produktivt arbeid.

Skuleborn, særleg i eit fattig land, skulle delta i produksjonen

av materielle godar. I praksis har born i utkantane alltid arbeidd på jorda ved sidan av skulegangen. Problemet er no å sjå til at det praktiske arbeidet og skulen blir smelta saman til eit "arbeid-og-studie" heile med karakter av utdanning.

Problema er vanskelegare å løysa for by-skulane. Vi har ein generell plan som vil bli sett i verk litt etter litt. Vi har ingen ferdilaga formalar, men som eg nemde har vi røynslene frå fleire mønsterskular, røynslar som vert nøyse granske av vitenskapmenn og lærarar.

Eg trur, at om få år vil skulane våre ha gjennomgått ei pedagogisk omvandling. Innføringa av produktivt arbeid, det naudsynlege i å halde tritt med den aukande utviklinga av vitenskapen, den permanente opplæringa og bruk av teknologi - alle desse faktorane vil ganske sikkert gje skulane våre eit nytt andlet innan kort tid."

VNC: "Kva er dei viktigaste problema i den nære framtida?"

NTB: "Først har vi problema med skulehus og utstyr. Krigsøydeleggingane gjer at det vil ta mange år før vi kan møte alle behov. Byggningsmaterial, papir, trykkeutstyr, alt manglar. Våre økonomiske evner er ikkje på høgd med utviklingsnivået innan utdanninga. Dette er ei hovudmotsetning som vi lyt løyse. Kan hende vil nettopp dette virke stimulerande og hjelpe oss til å finne originale løysingar.

Vi har og administrasjonsproblem og problem med å utarbeide utdanningsopplegget, noko som i framtida ikkje må løysast frå dag til dag gjennom erfaring slik som no ofte er tilfelle.

Vi har no teke til å takla desse spørsmåla - spørsmål som for oss er heilt nye - spørsmål som planlegging, kostnadsverslag sett opp mot utbyttet av utdanningssystemet osv.

Men vi har ikkje gløymt at berre gjennom å skape ei revolusjonær rørsle i massane vil vi lukkast i å overkomme dei umåtelege vanskanesom vi no står overfor.

Kvaliteten på utdanninga og oppfostringa av ein ny type menneskje er hovudsaka i alt strevet. Det er i denne

forts. side 15.....

## « STYRK LOKALGRUPPENE »

I samband med omlegginga av Solkom etter sigrane i Indo-Kina var det både stor uvisse og store feil ute og gjekk. Dei vart førte ut av mange, også meg sjølv. Dette er eit debattinnlegg om nokre av dei. Eg håpar at andre blir med på diskusjonen.

Idear som dette fantes: "No må vi roe oss ned. Eit møte kvar 3. veke og ein aksjon no og då viss vi har lyst." Kva var grunnlaget for at slike haldningar kom fram? Det var sjølv sagt den endra stoda etter sigeren i Vietnam. Det førte til at Solkom ikkje kunne mobilisere folk anti-imperialistisk slik vi med hell hadde gjort tidlegare. Korleis skulle vi då mobilisere folk til venskapsarbeidet? Jau, måten vi skulle møte den nye stoda på, var med å roe ned.

Eg trur slike haldningar vil føre til at Solkom smuldrar inn både kvantitativt og kvalitativt. Og det skapar idear om at eigentleg er det ikkje nokon vits i å halde på. Det viktigaste med omlegginga er at vi no må legge vekt på nye ting. Skal vi gå ut til opinionen med nye ting, så er det ein føresetnad at vi har studert desse sakene skikkeleg. Og meiner vi opinionen på feltet vårt er svak, så må vi sjølv sagt ikkje trekke på skuldrene og halde kjæft. Blir opinionen noko betre av det? Og kva er vi til for? Eg trur forresten at vi ikkje har undersøkt Vietnam-opinionen godt nok


Dessutan har det vore mykje virvar iallfall i Trondheim andsynes organisasjonsforma. Det vart snakka om at dei lokale FNL-gruppene skulle leggjast ned. Dei høvde ikkje lenger. Så det skulle vere berre ei stor avdeling i Trondheim. Eller kanskje arbeidsgrupper for særskilte område.

Det er ganske drygt å skyve til sides all røynsle frå tidlegare år. Den slo nemleg fast at dei lokale gruppene var sjølv livsnerva i Solkom. Eg trur det er uråd å få skikkeleg aktivitet på grasrotplanet i Solkom viss ikkje gruppene prioriterast. Dette gjeld då dei store byane. I NLEHT-gruppa diskuterer vi no for tida korleis også dei nyaste medlemmene kan verte ei drivkraft i arbeidet. Dei "eldste Solkomarane" har nok monopolisert arbeidet ein del. Så problemet eksisterer også i lokalgruppene. Men dei same problema ville ha vakse enormt viss vi hadde hatt eitt samleforum i Tr.h., og ikkje prøvi med tre lokalgrupper som no. Eg trur at å legge meir vekt på lokale grupper, sjølv om det berre er 2-3 stk. i starten, kan vere ein av dei betre metodane for å rekruttere nye og få dei til å fungere. Eg trur dette vart for lite understreka i Landsmøte-dokumenta.

utanom dei næraste venane våre.

NB. Innlegget mitt må sjøast i samband med oppsummeringa i beretninga. (Avsn.: "Helheten ...")

Arve.



## REDAKSJONELT

## om navnebyte

Dette nr. av medlemsbladet vårt kjem diverre litt seinare enn planlagt. Hovudårsaka til det er at folk ikkje overheldt stofffristen. Til dømes kom nokre innlegg frå Solkom i Oslo som var lova i god tid over ein månad etter fastsett frist. Det er klart at dette er ikkje går i lengda og at vi lyt innskjerpe overhalding av fristen for innlegg. Så over til bladet og innhaldet.

Som vel dei fleste har merka seg har medlemsbladet vårt fått nytt navn. I FNLIIN nr. 3/76 vart det som kjent utlyst ein konkurranse om beste forslag til nytt namn. Vinnaren vart Arve frå Trondheim, og som takk for innsatsen har han fått boka "Women of Vietnam". Den er omtalt på side 9.

Innhaldet denne gongen dreiar seg mykje om Vietnam og godt er det. Likevel var det ønskjeleg om ein kunne få meir rapportar frå dei ymse solkom-gruppene rundt omkring i landet. Det er alltid interessant å høyre korleis andre driv vennskapsarbeidet med Vietnam.

Korleis står det til dømes til i Bergen, Fredrikstad og Tromsø? Vi ventar spent på brev til neste nr. av Truong Son.

Det er mange som saknar meir kontinuerleg informasjon frå og om Vietnam enn det FV gjev. Vi kjem difor i tråd med vedtak på LM å kome ut med førebels 4 nr. av medlemsbladet i året, to i kvart halvår. Bladet vil bli på 16 sider slik som no. Innhaldet vil vi friste lage så variert som mogeleg men med faste reportasjar frå Vietnam og rapport frå leiinga i Solkom. Innhaldet ellers er det mykje opp til medlemmene å avgjere, det er mellom anna derfor at det heiter medlemsblad.

NESTE NR. vil kome ut til 1. juni og frist for innlegg blir 10. mai. Vi lyt vere strenge med overhalding av fristen denne gongen slik at stoff som ikkje er redaksjonen i hende innan 10. mai vil bli returnert. Dette er naudsynt om vi skal kunne planlegge arbeidet skikkeleg og kome ut med bladet til fastsett tid. Redaksjonen.

Når De no får siste nr. av medlemsbladet, så lyser ikkje lenger dei kjente bokstavane "FNLIINorge" opp øvst på 1. sida. Etter omtrent 10 år har vi gått til det drastiske steget å byte nama. Det heng sjølv sagt saman med at FNL har nådd målet sitt: Frigjering av heile Vietnam og gjennomføringa av den nasjonal-demokratiske revolusjonen. FNL er difor lagt ned som eigen frontorganisasjon for Sør-Vietnam. Istaden har dei gått saman med Eedrelandsfronten frå tidlegare DRV til ein org. for heile landet.

Då vi skulle finne eit nytt namn, var det mange å velje mellom. Mange sa at eit vietnamesisk ord knytta til kampen for nasjonalt sjølvstende ville vere det beste. Det var då framleis mange å velje mellom, men eit fåtal som var allment kjent blant folk i Noreg. Men i Gai Phong, FNL sin nasjonalorg, står det skrive:

....  
Men vi lover deg,  
Storrike Mekong, og deg,  
Stolte fjell Truong Son:

Vi slår tilbake,  
vi går mot seier,  
....."

Denne songen er brukt tallause gongar av norske anti-imperialistar. Og han er kanskje symbolet framfor alle på eit undertrykt folk sin rettferdige og framgangsrike kamp mot imperialismen. Denne fjellkjeda i Sentral-Vietnam er brukt som nasjonalt symbol av folket i Vietnam i same retning som vi nordmenn og har brukt vår fjellheim. T.d. frå kampen for norsk sjølvstende mot våre undertrykkarar: "Enige og tro til Nore faller"

Både Noreg og Vietnam er heilt eller delvis fjellland. Vi tykkjer dette namnet på bladet peikar på eit symbol for dei banda som knyt dei to landa våre saman: Kampen for det nasjonale sjølvstendet.

"STERKT SOM DEG  
STOLTE FJELL", TRUONG SON,  
SKAL VI BYGGJE VENSKAPEN  
MELLOM VÅRE TO FOLK!"

# Rapport frå Trondheim

Vennskapsarbeidet i Trondheim går framover. Vi kom tidleg i gong etter nyttår med to av dei tre gruppene som eksisterer her no.

Dei to gruppene har hatt møte stort sett kvar 14. dag. Den eine av desse har starta studier på Le Duans rapport til Nasjonalforssamlinga og på rapporten frå 4de parti-kongressen, dvs. bl.a den nye femårs-planen.

Til no er Den Vietkapelige og Tekniske revolusjonen, og den Kulturelle og Ideologiske revolusjonen drøfta. Emner som skal takast opp seinare er bl. a Den nasjonal-demokratiske revolusjonen og overgangen til den Sosialistiske revolusjonen samt dei ulike delane av den nye femårs-planen. Det fins nok av interessante emner å ta fatt på, det gjeld berre å kome i gong.

Utad har arbeidet i stor grad dreid seg om husbesøk og stands. For tida har vi ikkje så mykje aktuelt materiale å selja, det einaste er FV ved sida av medlemsvervinga som er det viktigaste.

Røynslene med husaksjonar og stands er jevnt over gode. Det er ikkje alltid at ein får selt så mykje, derimot vert det desto meir diskusjon noko som oftast gjev ein svert gode røynsler å hugse til seinare høve.

Nokre fientleg innstilte folk vil ein stundom møte. Til dømes er ein ofte plaga av Unge Høgre-medlemmer når ein står på stand i byen. Andre veka i mars vart standa sparka ned av ein slik provokatør. Bortsett frå slike er imidlertid dei fleste greie å ha med å gjere.

Som venta er Vietnam komen noko i gløymeboka diverre. I seinare tid er det fiendane av Vietnam som har heva røysta mellom anna med ei rekkje vondsinna innlegg i "Morgenbladet". Vi lyt vere på vakt mot slike angrep på Vietnam, difor må vi følgje nøye med i det som vert skrivne om Vietnam i dei ymse blad og aviser. Det er viktig at vi greier å få ut sanninga om Vietnam slik at folk trekkjer dei rette lærdommane av "30-års-krigen" i det 20ande århundre. Hugs at imperialismen enno trugar mange av dei små og fattiga landa i verda.

Dette får vere nok frå Trondheim denne gongen. Vi kjem attende med ny rapport i Truong Son nr. 2.

Dersom det er nokon som vil vite meir om korleis vi driv arbeidet med Vietnam eller som kan hende manglar nytt å lese om utviklinga i Vietnam så berre skriv, vi hjelper sjølv sagt alle om vi er i stand til det. Lukke til i arbeidet.

Med helsing frå Trondheim

"Sisypfos"

## INTERVJU MED NGUYEN THI BINH forts.

Ånda at våre lærekrefter startar det første skuleåret i den sosialistiske republikken Vietnam. Det er også i denne ånda at eg personleg vil streve for å fullføre oppgåvene som er pålagt meg frå partiet og regjeringa."



## NORSK BISTAND... forts fra s. 4

cellulose til en verdi av 14,8 mill. kroner inklusive frakt og assurance.

Som sikkert de fleste vet har det vert drevet forhandlinger om norsk engasjement i Vietnams oljesektor, men disse er ennå ikke avsluttet så hva innholdet i eventuelle avtaler blir kan på nåværende tidspunkt ikke sies. I følge UD vil departementet i nær framtid ta standpunkt til former og innhold i det framtidige bistandssamarbeidet med Vietnam på denne sektoren.

Som det gikk fram av fiskeriprojektene har disse to hovedsier.

For det første rent økonomiske sider med finansiering, byggekostnader, frakt m.m. Men på lang sikt er vel den faglige hjelpen mer betydningsfull da denne vil gjøre vietnameserne sjøl i stand til å bygge opp fiskerisektoren og stå for opplæring av nye folk.

Kjell.

ADRESSER: Truong Son-redaksjonen,  
Boks 2844, 7001 Trondheim.  
Solkom/Trondheim: Boks 2844, 7001  
Trondheim.

Adressering:

## "Kjendis-hets" om Vietnam

Den Sovjetiske atomfysiker og Nobelprisvinner Andrej Sakharov er ein av dei som i den seinare tida har hengt seg på hetsen mot Vietnam. I eit intervju med seg sjølv i Alle Menn nr.3- 18.januar 1977 seier han mellom anna om frigjer- inga av Vietnam:

Vi må ikke, halvannet år etter krigen i Vietnam er avsluttet, glemme de millioner av mennesker som befinner seg bak jern- teppet. Man antar at over en million men- nesker er omkommet i Kambodsja. Ingen vet helt sikkert hva som foregår i det tidli- gere Sør-Vietnam, bare at det ikke råder lykkelige forhold der. Det er ikke tilfeldig at hundrevis av flyktninger hver måned ri- sikerer døden for å komme seg bort fra det landet.

Den vestlige offentlighet, som på en ak- tiv måte fikk satt en stopper for krigen i Vietnam, bør nå også foruroliges på grunn av menneskenes skjebne i denne del av verden.

Stadig flere land har fått føle den inter- nasjonale terrorismen på kroppen, en ter- rorisme som på den aller farligste måte ødelegger mellomfolkelig stabilitet og men- neskenes grunnleggende moralske lover. Jeg kan ikke unnlåte å nevne den henryk- kelse man følte ved de israelske komman- dosoldatens redningsaksjon på flyplassen i Entebbe i Uganda.

Som ein ser kjem Sakharov med dei same udokumenterte påstandane som ein stort sett møter overalt når fiendar av Vietnam skal uttale seg om dette "voldtatte" landet. Slike påstandar let seg ofte fort tilbakevisast utan at dette gjer ein mindre grunn til otte. Ein mann som Sakharov fridomskjempar i eit "kommunistland" veit nok kva kommunisme er, og når han at- påtil er kjend atomfysikar og har vunne fredspris for sin uei- gennyttige kamp for menneskerett- ane ja då må det vera noko i det denne mannen også hevdar om Viet- nam."

Det er nett slik ein vil at folk skal tenkje når ein let Sakharov uttale seg om Vietnam. Vi lyt til ei kvar tid og overalt vere på vakt mot slike ting. Eit anna døme på det same har ein nyleg i det den kjende visesongaren Joan Baez har sagt og som mellom anna har vore attgjeven i nokre av dei kon- servative avisene her i landet. Joan Baez hevdar at menneskeretta- ne vert alvorleg krenka i Vietnam i dag. "Utviklingen er en skuffel- se for oss som ikke ventet det blo- blodbad det Hvite hus forutsa." heiter det.

Desse to døma syner at vi i Sol- kom lyt skjerpe oss og svare på alle slike angrep, vi må ikkje sit- je å vente og vente og vone på at under skal skje.

### WOMEN OF VIETNAM.... forts. fra s.9

bl.a Dioxin, et stoff som fører til store fostermisdannelser. Som et a- propos kan nevnes at det var to kg av dette stoffet som var årsak til den store gasslekasje-katasrofen i Seveso i Nord-Italia i 1976.

Siste delen av boka gir en oversikt og en karakteristikk av kvinn- enes motstandskamp de siste årene.

BOKA MÅ LESES! Den er delt opp i mange kapitler og er således også velegnet som oppslagsbok. Der er intervjuer med mange kvinner, og på denne måten får vi en levende fram- stilling av kvinnes situasjon.

Boka er rikt illustrert med bil- der og tegninger.

Sjøl ble jeg enormt inspirert av boka. Før hadde jeg en nærmest "sy- nes-synd-på-holdning" til kvinnene i Vietnam pga. alle voldtektene, men gjennom denne boka har jeg fått øynene opp for hvor ledende kvinne- ne var i denne kampen.

*Lissel.*